



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	11.03.2026
Møtetid:	09:00 - -10:15
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	
Leif Johnsen	medlem	MDG	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	
Leif Taule	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Henning Fyllingsnes	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Audun Sylta	varamedlem	H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 13/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 14/26	Godkjenning av møteprotokoll APM 28.01.26	
PS 15/26	Delegerte vedtak APM 11.03.26	
PS 16/26	Referat saker	
RS 5/26	Vedtak - gbnr. 172/220 - Seimsstranda 12 - tomannsbustad	
PS 17/26	Klage på avslag dispensasjon - 324/7 - Sagstadvegen 67 - generasjonsbustad/kårhus	
PS 18/26	Klage på avslag dispensasjon - 137/839 - ny rubbhall - Galteråsen næringsområde	
PS 19/26	Klage på avslag dispensasjon - 202/141 - Helleåsen 3 - Ny bustad	
PS 20/26	Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling	
PS 21/26	Klage på avslag dispensasjon - 341/72 - Fureskjeggvegen 27A - oppføring av naust	
PS 22/26	Klage på avslag dispensasjon - 58/155 - Lurevegen 1310 - Terrasse og trapp	

PS 13/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Endring i sakliste: Sak PS 19/26 vert flytta som siste sak i møtet.

PS 13-18/26, PS 20-22/26 - PS 19/26

Innkalling og sakliste med endringar er godkjent. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Innkalling og sakliste er godkjent.

PS 14/26 Godkjenning av møteprotokoll APM 28.01.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Ingen merknadar. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 15/26 Delegerte vedtak APM 11.03.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Delegerte vedtak er teke til orientering.

PS 16/26 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Referat saker er samrøystes vedteke teke til orientering.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Referat saker er teke til orientering.

PS 17/26 Klage på avslag dispensasjon - 324/7 - Sagstadvegen 67 - generasjonsbustad/kårhus

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Framlegg frå Audun Sylta-H:

VEDTAK – DISPENSASJON INNVILGA

Gbnr. 324/7 – Sagstadvegen 67 – Generasjonsbustad/kårhus

Utval for areal, plan og miljø handsama søknad om dispensasjon frå LNF føremål og frå føresegn om samla bruksareal på over 400 m² for oppføring av generasjonsbustad/kårhus på eigedom 324/7.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19 2 vert det gjeve dispensasjon frå:

- kommuneplanen sitt arealføremål LNF
- KDP Meland § 1.6.14 om maksimal samla BRA på 400 m²

Tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

1. Omsyna bak LNF føremålet vert ikkje vesentleg tilsidesett

Tiltaket ligg på eksisterande tun og rører ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Det påverkar ikkje friluftsinnteresser, allmenn ferdsel eller naturmangfald. Statsforvaltaren si vurdering om avrenning til Mjåtveitlva er ikkje treffande – overvassløpet går i motsett retning, noko som også går fram av terreng og eksisterande dreneringssystem. Dette er i tråd med vurderingane i saksframlegget i kommunen si eiga utgreiing .

2. Fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene

a) Tidlegare vedtak og styrkte føresetnader

Det vart i 2017 gjeve samrøystes dispensasjon for same tiltak i Meland kommune. Sidan den gong har kommunen investert betydeleg i ny infrastruktur i området (veg, gang- og sykkelveg, VA, overvasshandtering, breiband, veglys). Dette gjer området endå betre eigna for fortetting og gjev tiltaket større samfunnsnytte enn tidlegare.

b) Tiltakshavar har bidrege økonomisk og praktisk til offentleg infrastruktur

Tiltakshavar har delfinansiert og medverka til etablering av ny infrastruktur, og har investert i oppgradering av landbrukseigedomen basert på tidlegare kommunalt vedtak. Det er rimeleg at kommunen vektlegg dette i vurderinga av fordelar.

c) Tiltaket styrkjer landbruksdrifta

Landbrukskontoret si uttale viser at tiltaket ikkje er til hinder for drift, og at framtidig fruktproduksjon (5–10 daa) vert styrkt av at generasjonar bur tett på garden. Dette samsvarar med kommunen si eiga vurdering av at tiltaket ikkje skapar konflikt med landbruksdrift .

d) Tiltaket har ingen negative konsekvensar for miljøet

Plasseringa i eit område med full infrastruktur gjer at tiltaket ikkje utløyser nye naturinngrep andre stader. Det bidreg til å redusere presset på nye bustadareal i Langeland/Frekhaug området.

e) Tiltaket er ei naturleg fortetting

Kårbustaden ligg tett på eksisterande bustader og inngår i eit etablert bumiljø. Dette er i tråd med prinsippet om berekraftig arealbruk og reduserer behovet for nye bustadfelt.

f) Reell bustadstorleik er moderat

Tek ein bort areala som er nødvendige for gardsdrift (garasje for traktor, produksjonslokale, kjøp, driftskontor), er sjølve kårbustaden ikkje større enn ei romsleg leilegheit. Dette er i tråd med intensjonen bak føresegna om maksimal BRA.

g) Sosial berekraft og omsorgsbehov

Generasjonsbustaden legg til rette for at fleire generasjonar kan bu saman og hjelpe kvarandre. Dette kan redusere framtidig behov for kommunale omsorgsbustader og er i tråd med nasjonale mål om heimebaserte omsorgsløysingar.

h) Tiltaket frigjer bustadkapasitet i regulert område

Ved å etablere kårbustad på tunet kan ein einebustadtomt i nærliggande regulert felt frigjerast til barnefamilie – noko det er stor trong for i kommunen.

3. Presedensomsyn vert ikkje vesentleg utfordra

Tiltaket er knytt til ein etablert landbrukseigedom med særlege forhold:

- tidlegare vedtak om dispensasjon
- tiltakshavar sine investeringar i offentleg infrastruktur
- plassering på eksisterande tun
- ingen konflikt med landbruk, natur eller friluftsliv
- moderat reell bustadstorleik

Dette skil saka frå andre LNF område utan tilsvarande føresetnader. Dispensasjonen vil difor ikkje skape uheldig presedens.

4. Samla vurdering etter pbl. § 19 2

Utvalet finn at:

- omsyna bak LNF føremålet ikkje vert vesentleg tilsidesett
- fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene
- tiltaket er berekraftig, samfunnsnyttig og i tråd med god arealforvaltning

Vilkåra for dispensasjon er dermed oppfylte.

VEDTAK

Dispensasjon vert gjeve. Tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

VEDTAK – DISPENSASJON INNVILGA

Gbnr. 324/7 – Sagstadvegen 67 – Generasjonsbustad/kårhus

Utval for areal, plan og miljø handsama søknad om dispensasjon frå LNF føremål og frå føresegn om samla bruksareal på over 400 m² for oppføring av generasjonsbustad/kårhus

på eigedom 324/7.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19 2 vert det gjeve dispensasjon frå:

- kommuneplanen sitt arealføremål LNF
- KDP Meland § 1.6.14 om maksimal samla BRA på 400 m²

Tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

1. Omsyna bak LNF føremålet vert ikkje vesentleg tilsidesett

Tiltaket ligg på eksisterande tun og rører ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Det påverkar ikkje friluftsinteresser, allmenn ferdsel eller naturmangfald. Statsforvaltaren si vurdering om avrenning til Mjåtveitlva er ikkje treffande – overvassløpet går i motsett retning, noko som også går fram av terreng og eksisterande dreneringssystem. Dette er i tråd med vurderingane i saksframlegget i kommunen si eiga utgreiing .

2. Fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene

a) Tidlegare vedtak og styrkte føresetnader

Det vart i 2017 gjeve samrøystes dispensasjon for same tiltak i Meland kommune. Sidan den gong har kommunen investert betydeleg i ny infrastruktur i området (veg, gang- og sykkelveg, VA, overvasshandtering, breiband, veglys). Dette gjer området endå betre eigna for fortetting og gjev tiltaket større samfunnsnytte enn tidlegare.

b) Tiltakshavar har bidrege økonomisk og praktisk til offentleg infrastruktur

Tiltakshavar har delfinansiert og medverka til etablering av ny infrastruktur, og har investert i oppgradering av landbrukseigedomen basert på tidlegare kommunalt vedtak. Det er rimeleg at kommunen vektlegg dette i vurderinga av fordelar.

c) Tiltaket styrkjer landbruksdrifta

Landbrukskontoret si uttale viser at tiltaket ikkje er til hinder for drift, og at framtidig fruktproduksjon (5–10 daa) vert styrkt av at generasjonar bur tett på garden. Dette samsvarar med kommunen si eiga vurdering av at tiltaket ikkje skapar konflikt med landbruksdrift .

d) Tiltaket har ingen negative konsekvensar for miljøet

Plasseringa i eit område med full infrastruktur gjer at tiltaket ikkje utløyser nye naturinngrep andre stader. Det bidreg til å redusere presset på nye bustadareal i Langeland/Frekhaug området.

e) Tiltaket er ei naturleg fortetting

Kårbustaden ligg tett på eksisterande bustader og inngår i eit etablert bumiljø. Dette er i tråd med prinsippet om berekraftig arealbruk og reduserer behovet for nye bustadfelt.

f) Reell bustadstorleik er moderat

Tek ein bort areala som er nødvendige for gardsdrift (garasje for traktor, produksjonslokale, kjøp, driftskontor), er sjølve kårbustaden ikkje større enn ei romsleg leilegheit. Dette er i tråd med intensjonen bak føreseigna om maksimal BRA.

g) Sosial berekraft og omsorgsbehov

Generasjonsbustaden legg til rette for at fleire generasjonar kan bu saman og hjelpe kvarandre. Dette kan redusere framtidig behov for kommunale omsorgsbustader og er i tråd med nasjonale mål om heimebaserte omsorgsløysingar.

h) Tiltaket frigjer bustadkapasitet i regulert område

Ved å etablere kårbustad på tunet kan ein einebustadtomt i nærliggande regulert felt

frigjerast til barnefamilie – noko det er stor trong for i kommunen.

3. Presedensomsyn vert ikkje vesentleg utfordra

Tiltaket er knytt til ein etablert landbrukseigedom med særlege forhold:

- tidlegare vedtak om dispensasjon
- tiltakshavar sine investeringar i offentleg infrastruktur
- plassering på eksisterande tun
- ingen konflikt med landbruk, natur eller friluftsliv
- moderat reell bustadstorleik

Dette skil saka frå andre LNF område utan tilsvarande føresetnader. Dispensasjonen vil difor ikkje skape uheldig presedens.

4. Samla vurdering etter pbl. § 19 2

Utvalet finn at:

- omsyna bak LNF føremålet ikkje vert vesentleg tilsidesett
- fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene
- tiltaket er berekraftig, samfunnsnyttig og i tråd med god arealforvaltning

Vilkåra for dispensasjon er dermed oppfylte.

VEDTAK

Dispensasjon vert gjeve. Tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.

PS 18/26 Klage på avslag dispensasjon - 137/839 - ny rubbhall - Galteråsen næringsområde

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Framlegg frå Ståle J. Hauge-AP:

Utval for areal, plan og miljø tek klagen frå tiltakshavar til følgje.

Dispensasjon

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon i fem år frå reguleringsføresegn § 2.1 Estetisk utforming, jf. delpunkt § 2.1.1 og § 2.1.2, for oppføring av omsøkt rubbhall i plast med grå fasade på eigedom gbnr. 137/839.

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare handsaming av sjølve søknaden om tiltak, jf. plan- og bygningslova kap. 20.

GRUNNGJEVING FOR DISPENSASJON

Utvalet har gjort ei samla vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2 og finn at omsyna bak estetikkføresegna ikkje vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane er klart større enn ulempene.

1. Omsyna bak føresegna vert ikkje vesentleg tilsidesett

Formålet med § 2.1 er å sikre at bygningsmassen får ei heilskapleg estetisk utforming som tek omsyn til omgjevnadene.

Den omsøkte rubbhallen vert levert i grå fargetonar og med stålkonstruksjon og betongfundament, noko som i stor grad samsvarar med den naturpaletten føresegna viser til.

Hallen vil i praksis få eit visuelt uttrykk som ligg tett opp mot bygga i området, mellom anna rubbhallen på nabotomta i sør.

Då store delar av Galteråsen næringsområde framleis ikkje er utbygd, er eksisterande nabobebyggelse eit naturleg referansepunkt for visuell tilpassing.

Utvalet legg til grunn at bygget, i den skala og funksjon det har, framstår som rimeleg og tilpassa eit moderne nærings- og lagerområde. Føresegna kan ikkje lesast slik at bruk av plast som yttermateriale er absolutt forbode dersom farge og uttrykk oppfyller intensjonen.

2. Fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene

Utvalet legg vekt på:

Tiltaket er i tråd med arealføremålet BN5 – næringsbygg, som skal leggje til rette for lagerverksemd og plasskrevjande næring.

Plasthall er det mest føremålstenlege materialvalet for lagring av vegsalt, då dette avgrensar korrosjon og driftsskadar.

Dispensasjon gjer at tiltakshavar kan gjennomføre eit praktisk og samfunnsnyttig tiltak utan langvarig planendringsprosess.

Løysinga støttar opp under ei effektiv etablering av næringsverksemd i området og bidreg til betre logistikkfunksjonar.

Ulempene ved å fråvike materialnemninga i § 2.1 vert vurderte som avgrensa, og saka skapar ikkje ein uheldig presedens då vurderinga er tett knytt til byggets funksjon, plassering og fargeval.

3. Vurdering av fjernverknad og turdrag

Utvalet har vurdert påverknaden mot naturstien og turdraget i nærområdet.

Den grå og dempa fargebruken, låg byggehøgde og avstand til turdraget medfører at tiltaket ikkje i vesentleg grad svekkjer opplevinga av landskapet.

Konklusjon

Samla sett finn utvalet at lovens vilkår for dispensasjon er oppfylte:

Omsyna bak reguleringsføresegna vert ikkje vesentleg tilsidesett, og fordelane er klart større enn ulempene.

Klagen vert derfor teken til følgje og dispensasjon vert innvilga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Utval for areal, plan og miljø tek klagen frå tiltakshavar til følgje.

Dispensasjon

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon i fem år frå reguleringsføresegn § 2.1 Estetisk utforming, jf. delpunkt § 2.1.1 og § 2.1.2, for oppføring av omsøkt rubbhall i plast med grå fasade på eigedom gbnr. 137/839.

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare handsaming av sjølve søknaden om tiltak, jf. plan- og bygningslova kap. 20.

GRUNNGJEVING FOR DISPENSASJON

Utvalet har gjort ei samla vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2 og finn at omsyna bak estetikkføresegna ikkje vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane er klart større enn ulempene.

1. Omsyna bak føresegna vert ikkje vesentleg tilsidesett

Formålet med § 2.1 er å sikre at bygningsmassen får ei heilskapleg estetisk utforming som tek omsyn til omgjevnadene.

Den omsøkte rubbhallen vert levert i grå fargetonar og med stålkonstruksjon og betongfundament, noko som i stor grad samsvarar med den naturpaletten føresegna viser til.

Hallen vil i praksis få eit visuelt uttrykk som ligg tett opp mot bygga i området, mellom anna rubbhallen på nabotomta i sør.

Då store delar av Galteråsen næringsområde framleis ikkje er utbygd, er eksisterande nabobebyggelse eit naturleg referansepunkt for visuell tilpassing.

Utvalet legg til grunn at bygget, i den skala og funksjon det har, framstår som rimeleg og tilpassa eit moderne nærings- og lagerområde. Føresegna kan ikkje lesast slik at bruk av plast som yttermateriale er absolutt forbode dersom farge og uttrykk oppfyller intensjonen.

2. Fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene

Utvalet legg vekt på:

Tiltaket er i tråd med arealføremålet BN5 – næringsbygg, som skal leggje til rette for lagerverksemd og plasskrevjande næring.

Plasthall er det mest føremålstenlege materialvalet for lagring av vegsalt, då dette avgrensar korrosjon og driftsskadar.

Dispensasjon gjer at tiltakshavar kan gjennomføre eit praktisk og samfunnsnyttig tiltak utan langvarig planendringsprosess.

Løysinga støttar opp under ei effektiv etablering av næringsverksemd i området og bidreg til betre logistikkfunksjonar.

Ulempene ved å fråvike materialnemninga i § 2.1 vert vurderte som avgrensa, og saka skapar ikkje ein uheldig presedens då vurderinga er tett knytt til byggets funksjon, plassering og fargeval.

3. Vurdering av fjernverknad og turdrag

Utvalet har vurdert påverknaden mot naturstien og turdraget i nærområdet.

Den grå og dempa fargebruken, låg byggehøgde og avstand til turdraget medfører at tiltaket ikkje i vesentleg grad svekkjer opplevinga av landskapet.

Konklusjon

Samla sett finn utvalet at lovens vilkår for dispensasjon er oppfylte:

Omsyna bak reguleringsføresegna vert ikkje vesentleg tilsidesett, og fordelane er klart større enn ulempene.

Klagen vert derfor teken til følgje og dispensasjon vert innvilga.

PS 19/26 Klage på avslag dispensasjon - 202/141 - Helleåsen 3 - Ny bustad

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

APM sender tilbake saken til administrasjon. Ber om at saken blir supplert med opplysningar om dei personlege forholda som kan ha betyding for vurdering og dispensasjon søknaden.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

APM sender tilbake saken til administrasjon. Ber om at saken blir supplert med opplysningar om dei personlege forholda som kan ha betyding for vurdering og dispensasjon søknaden.

PS 20/26 Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Framlegg frå Leif Taule-SP:

Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling

Klagen i frå tiltakshavar på avslag dispensasjon LNF-føremål og deling, datert 29.01.2026, vert teken til følgje.

Alver kommune gjev dispensasjon frå LNF-føremål for frådeling av ny bustadtomt på om lag 1000 m2 frå gbnr 147/5.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Grunngjeving:

Utval for areal, plan og miljø legg stor vekt på at landbruksmyndigheta ikkje har særlege innvendingar til frådeling fordi tiltaket

- ikkje vil svekka arealressursane på garden
- ikkje er til hinder for landbruksdrifta
- ikkje berører dyrka eller dyrkbar jord
- ligg for seg sjølv inntil andre bustadtomter i eit skogsområde der både plassering og bonitet tilseier at frådeling ikkje får særleg uheldige utslag

Det er ingen særlege friluftsinteresser for ålmenta i det aktuelle området for tomta.

For utvalet vert det også lagt stor vekt på at det er viktig å oppretthalda og «vedlikehalda» busetnaden i dei ytre krinsane av Alversund. Det er lite tilgjengelege tomter utover i desse bygdene som relativt raskt kan vera byggjeklare. Det er difor viktig å nytta moglege tomter som eignar seg for busetnad.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling

Klagen i frå tiltakshavar på avslag dispensasjon LNF-føremål og deling, datert 29.01.2026, vert teken til følgje.

Alver kommune gjev dispensasjon frå LNF-føremål for frådeling av ny bustadtomt på om lag 1000 m2 frå gbnr 147/5.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Grunngjeving:

Utval for areal, plan og miljø legg stor vekt på at landbruksmyndigheta ikkje har særlege innvendingar til frådelinga fordi tiltaket

- ikkje vil svekka arealressursane på garden
- ikkje er til hinder for landbruksdrifta
- ikkje berører dyrka eller dyrkbar jord
- ligg for seg sjølv inntil andre bustadtomter i eit skogsområde der både plassering og bonitet tilseier at frådeling ikkje får særleg uheldige utslag

Det er ingen særlege friluftssinteresser for ålmenta i det aktuelle området for tomta.

For utvalet vert det også lagt stor vekt på at det er viktig å oppretthalda og «vedlikehalda» busetnaden i dei ytre krinsane av Alversund. Det er lite tilgjengelege tomter utover i desse bygdene som relativt raskt kan vera byggjeklare. Det er difor viktig å nytta moglege tomter som eignar seg for busetnad.

PS 21/26 Klage på avslag dispensasjon - 341/72 - Fureskjeggvegen 27A
- oppføring av naust

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Framlegg frå Wilfred Berthelsen-VIP:

Utsetje saken for synfaring ved neste mogleg høve.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Utsatt for synfaring ved første moglegheit.

PS 22/26 Klage på avslag dispensasjon - 58/155 - Lurevegen 1310 - Terrasse og trapp

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 11.03.2026:

Klagen i frå tiltakshavar på avslag på dispensasjon, datert 12.01.2026, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå § 1-8 byggegrense mot sjø for oppføring av trapp, terrasse paviljong/ pergola og brygge. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om løyve til oppføring av trapp, terrasse, paviljong/ pergola og brygge. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1(a).»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

